

Herefoss Energi AS
Co/Villy Aas-Hansen
Hamnehagen

4766 HEREOFSS

Vår dato: 10.10.2024

Vår ref.: 202221839-4 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.: Tor Briseid Tjugum

NVE avslår søknad om Herefoss kraftverk - Birkenes kommune, Agder

Vi syner til søknaden dykkar, datert 22.11.2022 om løyve til å bygge Herefoss kraftverk.

NVE avslår søknad om Herefoss kraftverk

Tovdalsvassdraget blei verna mot kraftutbygging i Verneplan IV i 1993. Etter NVE si vurdering kan ikkje Herefoss kraftverk byggast, slik det er planlagt, utan å komme i konflikt med verdiar som ligg til grunn for vernet. NVE avslår derfor søknad om å bygge Herefoss kraftverk i Birkenes kommune utan ytterlegare sakshandsaming. Vedtaket har heimel i vassressurslova §§ 34 og 35 nr. 5 og 8, og § 24, 2. ledd, bokstav c). Det er lagt avgjerande vekt på Tovdalsvassdraget sin verdi som referansevassdrag.

Om klage og klagerett

Viss du er ueinig i vedtaket vårt kan du klage. Sjå eige vedlegg om rett til å klage.

Bakgrunn

Tiltakshavar søkte om å bygge Herefoss kraftverk i 2012. NVE avslo søknaden 5.12.2017, og bakgrunnen er gjort greie for i KSK-notat 98/2017 - Bakgrunn for vedtak Herefoss kraftverk. Dokumenta i saka finst på nettsida for konsesjonssaka¹. Tiltakshavar klaga på vedtaket 28.12.2017. Energidepartementet, tidlegare Olje- og energidepartementet, opprettheldt avslaget frå NVE den 20.03.2018. I avslaget er departementet klære på at kraftverket er i konflikt med vernegrnlaget, og at det ikkje er råd å redusere ulempene med avbøtande tiltak:

«Departementet finner at Herefoss kraftverk kan ha negative konsekvenser av en slik art at det vil være i konflikt med vernegrnlaget, og at dette må tillegges vesentlig vekt. Ulempene kan etter departementets syn ikke reduseres i tilstrekkelig grad gjennom avbøtende tiltak eller tilpasninger av prosjektet.»

¹ <https://www.nve.no/5143/V>



Om søknaden

I ny søknad er det mellom anna planlagt følgjande endringar i forhold til kraftverket som vart avslått i 2018:

- Auka minstevassføring
- Utforme inntaket slik at det lettar nedvandring av fisk
- Ikkje regulere Gauslåfjorden, for slik å unngå at vassføringa vert endra i Laksefoss og Laksehøl
- Å flytte utløpet frå kraftstasjonen nærare utløpet av Herefossen.

Tabellen under viser hovuddata for det planlagde kraftverket.

TILSIG		
Nedbørfelt*	km ²	652
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	722
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	39,9
Middelvassføring	m ³ /s	18,8
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s	1,6
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	1,2
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	2,5
Restvassføring**	m ³ /s	14,2
KRAFTVERK		
Inntak	moh	101
Magasinvolum	m ³	1400
Avløp	moh	79
Lengde på råka elvestrekning	m	140
Brutto fallhøgde	m	22
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,046
Slukeevne, maks	m ³ /s	6,0
Slukeevne, min	m ³ /s	1,2
Planlagd minstevassføring, sommar	m ³ /s	1,6
Planlagd minstevassføring, vinter	m ³ /s	1,6
Tilløpsrøyr, diameter	mm	1400
Tunnel, tverrsnitt	m ²	18
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	m	85
Installert effekt, maks	kW	990
Brukstid	timar	6819
REGULERINGSMAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	0,0014
HRV	moh	101
LRV	moh	101
Naturhestekrefter	nat. hk	-
PRODUKSJON***		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	4,0
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	2,7
Produksjon, årleg middel	GWh	6,75
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr	28,8
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	4,27

* Totalt nedbørfelt som nyttast i kraftverket.

** Restfeltet si middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen.

*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå.



NVE si vurdering

NVE si vurdering bygger på informasjon gitt i søknaden, fagrapport for biologisk mangfold (Rådgivende biologer rapport 3696), rapporten Tovdalselva – undersøkelser i Tovdalsvassdraget og sidebekker i 2017 – Delrapport 2 laks i øve del av Tovdalselva (LFI Rapport nr 304) og tidlegare saksbehandling av eit kraftverk i same vassdrag. NVE meiner denne informasjonen er tilstrekkeleg til å gjere vedtak i saka.

Vassdragsvern

Vassdraget nord for Rjukanfossen vart verna i 1993 i Verneplan IV for vassdrag. I 2005 blei vernet supplert og utvida ned til Heresfossfjorden. I siste vedtak frå juni 2009 blei også den nedre delen av vassdraget tatt inn i verneplanen. Frå då er dermed heile Tovdalselva unntatt Rettåna med sidegreiner verna. Det overordna målet med vassdragsvernet er å ta vare på eit utsnitt av norsk vassdragsnatur. I supplering av verneplan for vassdrag, vedtatt av Stortinget i 2005, blei det opna for utbygging av mikro- og minikraftverk på inntil 1 MW i verna vassdrag. Likevel er det sett som ein klar føresetnad at utbygginga ikkje kjem i konflikt med verneverdiane.

Herefoss kraftverk er planlagt med ei installert effekt på 0,99 MW og oppfyller kriteriet for å søke om konsesjon i verna vassdrag. Normalt er det kommunen som er vassdragsmyndigheit for søknadar om konsesjon for kraftverk under 1 MW, jf. vassressurslova § 64. I forskrift om kommunen si myndigheit i mindre vasskraftsaker, § 1, er verna vassdrag eit av unntaka frå denne myndigheita. NVE er dermed vassdragsmyndigheit og fattar vedtak i saka.

Utbygginga må ikkje komme i konflikt med verneverdiar

På bakgrunn av Stortinget sitt vedtak og forarbeid meiner NVE at nye kraftverk i verna vassdrag som hovudregel ikkje skal byggast der ei utbygging vil svekke verneverdiane. Det må likevel gjerast ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, der det blir lagt vesentleg vekt på verneverdiane. For verna vassdrag er vektlegging av endringar i vassføringsregimet og naturinngrep viktige moment i grunnlaget for å vurdere verknadane som eit tiltak vil ha på verneverdiane.


Referansevassdrag

Tovdalsvassdraget er verna som den einaste større elva på Sørlandet der sjølve hovudelva renn frå fjell til fjord utan vesentlege kraftinngrep. Vassdraget er definert som eit type- og referansevassdrag. Vassdraget sin verdi for landskapet og naturmangfald knytt til elveløpsformer, botanikk, land- og vassfauna er tillagt vekt ved vernet.

Referansevassdrag er utvalde vassdrag der dei naturlege prosessane skal få verke mest mogleg upåverka av menneskeleg aktivitet. Målet er at vassdraget skal kunne tene som målestokk for endringar forårsaka av inngrep i andre samanliknbare vassdrag. Det må derfor i utgangspunktet settast store krav til urørtheit i slike vassdrag.



I ny søknad er lengda på dammen auka vesentleg. Sjølv om inntaket er trekt lenger unna jernbanen viser illustrasjonsbilete at magasinet vil strekke seg nesten heilt opp til jernbanebrua. I tillegg kjem tilkomstveg (ca. 105 m), kraftstasjon i dagen og oppstillingsplass (ca. 200 m²) utanfor stasjonen. Dette vil opplevast som store inngrep i landskapet. NVE meiner omfang av konstruksjon og inntaksmagasin bryt med føremålet om å ta vare på landskapet i vassdragsvernet. Bileta i figur 1 viser omfanget til anlegget slik det no er planlagt og endringar av inntakspunkt undervegs i planprosessen.



Figur 1 Skisse av planlagt anlegg – øvste bilete. Dei tre farga linene viser inntakspunkt i dei ulike stadia av søknadsprosessen – nedre bilete. Begge bilete er henta frå søknad.

NVE meiner at ei utbygging som planlagt ikkje er foreinleg med å ivareta Tovdalsvassdraget som eit referansevassdrag.



Anadrom fisk

Då dei nedre delane av Tovdalsvassdraget supplerte verneplanane i 2009, vart betydinga av vassdraget for laks trekt fram. Den opphavlege laksestamma i Tovdalsvassdraget var utdøydd på grunn av forsureing, men etter omfattande kalking har laks og sjøaure på nytt vandra opp i Herefossfjorden. I lakseregister (lakseregisteret.no) er anadrom strekning vist berre fram til Laksefossen og Laksehølen. Ny kunnskap viser at laks, ved høg nok vassføring vandrar frå Laksehølen, via Gauslåfjorden og heilt opp til Storefoss. LFI Rapport nr 304 greier ut om dette i detalj. NVE legg derfor til grunn at Herefoss kraftverk kan påverke forholda for laks og sjørørret.

Søknaden viser ein modell for korleis vatnet vil fordele seg mellom det austlege (Laksefoss) og det vestlege (Herefoss) løpet etter ei utbygging, men understrekar likevel at det er knytt usikkerheit til dette. Sjølv om minstevassføring er auka i ny søknad, legg NVE til grunn at tiltaket kan gjere det vanskeleg å sikre ei minstevassføring som sikrar laksen si vandring via Laksehølen og Laksefoss, som vist i Figur 2. Eit kraftverk i Herefossen vil kunne påverke korleis vatnet fordeler seg mellom dei to elvane, og slik sett gjere det vanskelegare å fremje eventuelle tiltak for å betre vandringa for anadrom fisk.



Figur 2 Det går vesentleg meir vatn i Herefossen (3) enn i Laksefossen (4) og ut via Laksehølen (4). Utløp frå Hanefossen (1) og Hanefossen kraftverk (2) visast til venstre i biletet. Forskjellar i tilførd vassmengd frå desse utløpa dannar straumbiletet som oppvandrande fisk orienterer seg etter. Kjelde: LFI Rapport 304

Ved handsaming av førre søknad uttalte mange partar at det må leggst til rette for å auke produksjon av laks i vassdraget for framtida. Lokalt er det arbeidd mykje med å kalke og kultivere vassdraget, og laksefiske har stor betydning for lokalsamfunnet. NVE legg stor vekt på potensialet for å utvikle villaksen i Gauslåfjorden. Vår vurdering er at eit kraftverk i



Herefossen vil svekke eller gjere det vanskeleg å lukkast med eventuelle tiltak for å betre oppvandring av fisk frå i Herefossfjorden til Gauslåfjorden.

Kraftverket vil etter NVE si vurdering kunne komme i konflikt med verneverdien vannfauna.

Oppsummering og konklusjon

Av omsyn til verneverdiane i utbyggingsområdet vedtar NVE å avslå søknad om konsesjon for å bygge Herefoss kraftverk i Birkenes kommune utan ytterlegare sakshandsaming. Planane er i strid med verneverdiane.

Når verneverdiane taler imot, avslår vi søknaden utan å gjere ei fordel-ulempevurdering med heimel i vassressurslova § 25. Difor har vi ikkje vurdert ulempene i form av konsekvensane for andre allmenne interesser i vassdraget, opp mot fordelane ved tiltaket som for eksempel kraftproduksjon.

Med helsing

Carsten S. Jensen
konsesjonsansvarleg

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutiner

Mottakarliste:

Herefoss Energi AS

Kopimottakarliste:

Bystøl AS
BIRKENES KOMMUNE
STATSFORVALTEREN I AGDER
AGDER FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.